



## Stord SV - Sosialistisk Venstreparti

### ARBEIDSPROGRAM

#### STORD KOMMUNE – FOR DEI MANGE, IKKJE FOR DEI FÅ

Stord SV sitt mål er eit demokrati tufta på folkestyre og solidaritet. Det betyr meir rettferdig fordeling og ei berekraftig ressurs-, klima- og miljøforvaltning.

#### ***Stord SV vil arbeida for å jamna ut dei økonomiske skilnadane.***

Kommunen har ansvaret for eit mangfald av tenester. Stord SV har som overordna mål at innbyggjarane skal kunna stola på at Stord kommune leverer tenester av høg kvalitet.

Likestilling, lik løn for likt arbeid og tilnærma lik representasjon i styre og utval, offentlege som private, er viktig.

#### EIT GODT MILJØ – EI GOD FRAMTID

Me må tenkja globalt og handla lokalt for å takla dei store miljø- og klimautfordringane. Kommunen må gå føre for å sikra biologisk mangfald, jordvern og ta vare på matjorda vår. Kommunen si overordna planlegging må alltid ta sikte på å redusera klimagassutsleppa på alle område, i alt frå transport og næringsliv, til bustadbygging og regulering.

Grøn omstilling krev samarbeid på tvers av offentleg og privat sektor.

Verksemder, utdanningsinstitusjonar, lag og organisasjonar er viktige aktørar i eit slikt samarbeid. Industrien og industriarbeidaren er sentrale i gjennomføringa av det grønne skiftet. Kommunen må derfor ***involvera miljøorganisasjonane og samarbeida*** med både industri, fagrørsla og ulike bedrifter, arbeida for effektiv energibruk og energisparing i både kommunale og private verksemder. Det må gjennomførast systematisk miljøsertifisering av bygg og arbeidsplassar.

#### ***Stord SV vil arbeida for:***

- at ny E39 i hovudsak skal byggjast med to felt og midtdelar med fartsgrense 90 km/t. Traséen skal flyttast vekk frå Landåsen slik han er planlagt ***no***, og heller følgja eksisterande trasé, ***og samstundes ta vare på Landåsen.***
- ***grøn industriutvikling hos lokal industri og verksemder for å sikra framtidige arbeidsplassar.***

***å*** leggja til rette for havvindproduksjon, og at eksisterande vindmøllepark i Fitjar ikkje blir utvida til Grønafjedlet.

- at kommunen skal vera ein pådrivar for å få utarbeidd ein heilskapleg plan for berekraftig energiproduksjon i Noreg.
- at nye offentlege og private bygg vert energieffektive bygg, til dømes ved bruk av solfangarar, solcellepanel, **jordvarme, bergvarme og varmepumper til luft og sjø.**
- **å** prioritera sykkel- og gangvegar og kollektivtrafikk som kan erstatta den omfattande privatbilbruken.
- **å** samarbeida med arbeidsplassar med sikte på at fleire skal sykla, gå og eller bruka kollektivtilbod til og frå jobb. Føreslå konkrete samarbeidsavtaler der privat bilbruk blir erstatta med buss på arbeidsreiser.
- at kommunen arbeider for å få på plass eit fleksibelt kollektivtransporttilbod-
- å sikra grøne område til friluftsliv og rekreasjon for ålmenta. Dette må også skje nær bustadområda, mellom anna gjennom streng forvaltning av strandsona vår og styring gjennom overordna plan, ikkje dispensasjonar.
- at ein gjennom reguleringsplanar sikrar etablering av tomter slik at naturleg topografi blir teken i vare i størst mogleg grad, og legg til rette for hagebruk.
- at den overordna planen for jordvern hindrar nedbygginga av produktiv land- og matjord.
- Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM) skal kontinuerleg betra tenestane sine i høve til gjenvinning, resirkulering og deponering av avfall.
- at kommunen brukar forbrukarmakta si til å støtta rettferdig handel i dei kommunale innkjøpa sine.

## **EIN GOD KOMMUNE Å VEKSA OPP I**

Kommunen har ansvar for å leggja til rette for ein trygg og god oppvekst. Derfor må kommunen ha gode og tenlege barnehagar og skular, med bygningar og utemiljø som stimulerer til leik og aktivitet. Vidare må kommunen bidra til at flest mogleg barn får delta i organiserte fritidsaktivitetar, mellom anna gjennom tilskot til ulike organisasjonar. Barnevernstenesta og helsestasjonane må styrkast med fleire stillingsheimlar og faglege tilbod som kan styrkja kompetansen til dei tilsette. Det må også leggjast til rette for tverrfagleg- og tverretatleg samarbeid mellom alle aktørar i oppvekstsektoren.

### **Stord SV vil arbeida for:**

- at ny offentleg barnehage skal byggjast i Sagvåg/Litlabø-området.
- at bemanningsnorma i barnehagen skal vera i tråd med faglege tilrådingar, og at alle barnehagar skal ha eigen styrar.
- prøveordning med auka bemanning ved å tilsetja to utdanna barnehagelærarar ved **ein offentleg og ein privat barnehage.**
- oppretthalda og styrkja vikarpoolen.
- **at Stord kommune har eit logopedtilbod til barn og unge.**
- at alle skulane i kommunen har areal og bygningsmasse som medverkar til gode psykososiale og læringsfremjande miljø for både elevar og tilsette.
- **å styrkja og ta vare på mental helse, og heva kompetansen på dette området.**
- at arbeidet med det psykososiale miljøet og tiltak mot mobbing blir prioritert.
- **å styrkja og utvikla uformelle møteplassar for ungdom og ivareta eksisterande fritidsklubbar.**
- at det blir løyvd meir til helsesjukepleiarane på skulane.
- styrkja seksualundervisinga og utarbeida ein handlingsplan mot seksuell trakassering og overgrep.
- auka elevressursen i dei kommunale budsjetta.
- gje skulane økonomisk handlingsrom slik at dei kan kjøpa ulike læringsressursar, deriblant fysiske lærebøker.
- arbeida for prøveordning med leksefri skule.
- styrkja innhaldet i skulefritidsordninga (SFO), gjera ordninga billegare og gratis for barn med spesielle behov på alle trinn.
- arbeida for at kulturskulen dekkjer behova til barn og unge gjennom varierte tilbod, slik at flest mogleg med ønske om plass får plass.
- endra opptaksområda/skulebruksplanen etter kapasitet og behov.
- arbeida for at Leirvik skule får tilfredsstillande undervisningsbygg, anten ved oppgradering av eksisterande bygg eller nybygg.

### **EIN KOMMUNE FOR ALLE**

God folkehelse, inkludering og integrering må liggja til grunn for at all planlegging i kommunen. Samfunnet vårt består av menneske med ulike bakgrunnar og behov. Det er eit kommunalt ansvar å møta dette mangfaldet med ei open haldning og varierte tilbod. Kommunen må bidra til å skapa gode butilhøve og trygge nærmiljø som fremjar aktivitet,

samhandling og god psykisk og fysisk helse. Derfor må kommunen jobba på fleire vis for å skapa gode møteplassar, og eit variert og mangfaldig aktivitetstilbod for innbyggjarane. Det er også eit kommunalt ansvar å leggja til rette for sosial bustadbygging med varierte bustadformer i heile kommunen. Kommunen må planleggja for at kommunale bustader skal vera spreidd utover kommunen. Dette vil fremja gode sosiale fellesskap og integrering.

**Stord SV vil arbeide for:**

- at menneske med ulike funksjonsnivå skal få bu i bueiningar med maks 6 husvære i ordinære bustadområde.
- styrkja brukarmedverknaden i dei kommunale tenestene.
- at personar med ulike behov for tilrettelegging får høve til å delta i det ordinære arbeidslivet.
- **å** styrkja dei kommunale tilboda til personar som ikkje har høve til å delta i det ordinære arbeidslivet.
- at det blir **etablert** eit aktivitetshus på Leirvik som ein møteplass med aktivitetar for menneske med ulike behov.
- **å** leggja til rette for tilbod som kan heva kompetansen om digitale hjelpemiddel og velferdsteknologi hjå dei innbyggjarane som har behov for det.
- at fysio- og ergoterapitenestene blir bygd ut i tråd med den aldrende folkesetnaden.
- at Frisklivssentralen og andre lågterskeltilbod vert vidareutvikla.
- at Stord kommune utarbeider ein handlingsplan mot rasisme og diskriminering.
- **å** planleggja for fleire sjukeheims plassar i tråd med den demografiske utviklinga.
- at kommunen gjer vedtak av ein tiårsplan for tiltak og tenester for menneske med nedsett funksjonsevne, i tråd med nasjonale og internasjonale føringar, **og i samsvar med forventningane i FN-konvensjonen for menneske med nedsatt funksjonsevne (CRPD).**

**EIT BEREKRAFTIG ARBEIDSLIV**

Arbeid til alle, og høg grad av sysselsetting i kommunen er ei berebjelke i velferdssamfunnet vårt. Samstundes krev klima- og naturkrise at næringslivet går igjennom eit storstilt omstilling – både lokalt og nasjonalt for å ivareta biologiske mangfaldet og for at me skal kunna nå klimamåla. All kommunal planlegging for arbeid, næringsliv og sysselsetting lokalt må ta omsyn til denne utviklinga. I kommunen vår er me avhengige av olje- og gassindustrien, men me sit også på kompetansen som skal ta oss vidare til det nye grønne næringslivet. Stord SV vil alltid vera ein pådrivar for omstilling frå noverande fossilnæringar til nye berekraftige næringar og arbeidsplassar.

**Stord SV vil arbeida for:**

- at kommunen gjennom planlegging og tilrettelegging skal bidra til fleire arbeidsplassar innan grønne næringar.
- at kommunen sin anbodspolitikkk skal brukast til grøn omstilling.
- at kommunen skal leggja til rette for eit berekraftig reiseliv i tråd med naturen sine føresetnadar, til dømes ved planlegging av naturstiar, campingplassar og friluftsområde.
- at Stord som regionscenter og dermed handelssenter i Sunnhordland må utviklast i samsvar med berekraftsmåla.
- **å tryggja Høgskulen på Vestlandet, Campus Stord, bl.a. gjennom samarbeid angående trong for lokal kompetanseheving innan offentleg og privat sektor.**
- at hamnene blir i størst mogleg offentleg eige, og at kommunen tek sikte på å utøva ein differensiert hamnepolitikk med klare skilje mellom privat båtliv, sjøbasert transport og næringsliv i hamnene våre.
- **å utarbeida ei handlingsplan innan helsetenesta for å få oversikt over kva kompetanse ein treng for framtida.**
- **ei bemanningsnorm for helsetenesta.**
- at alle kommunale stillingar skal lysast ut som heiltidsstillingar.
- at det skal vera tilstrekkeleg med stillingar og kompetanse innan alle kommunale tenesteområde.
- at kommunen legg til rette for at arbeidstakarar, særleg innanfor helse- og omsorgstenestene, får ta vidareutdanning som ein del av stillinga si.
- at kommunen bør undersøkje om det er tenleg å oppretta ein vikarpool innanfor helse,- habilitering- og rehabilitering.
- at kommunen tek inn lærlingar på alle fagområde i organisasjonen sin.
- at kommunen tek eit særleg ansvar for å sysselsetja menneske med særskilde behov, t.d. menneske med nedsett funksjonsevne.
- at menneske som flyttar til kommunen vår, til dømes flyktningar, studentar, arbeidsinnvandrarar og familieinnvandrarar, raskt får hjelp til å delta i samfunns- og arbeidsliv.
- at kommunen tek eit særskilt ansvar for å inkludera kvinner med innvandrarbakgrunn i arbeidslivet.

- **å** ha sundagsstengte butikkar som hovudregel i heile kommunen.

## **EI FRAMTIDSRETTA AREAL- OG BUSTADFORVALTING**

Stord SV vil ha ein areal- og bustadpolitikk som tek omsyn til jordvernet, klimamåla og naturen. Kommunen må leggja større vekt på at bygg, arkitektur, nærmiljøanlegg og generell byutvikling står i samsvar med og blir tilpassa naturgjevne vilkår, kulturlandskap og skog. Ved å ta vare på naturen i utbyggingsområda sikrar me naturmangfald og variasjon i bustadområda. Nye bustadområde må planleggjast og byggjast ut med rikeleg av sosiale møteplassar, høve for friluftsliv og andre aktivitetar i skog og mark. Slik sikrar vi mangfald, sosial deltaking, integrering og folkehelse.

### ***Stord SV vil arbeida for:***

- at utbyggingar skal skje i samsvar med den overordna kommuneplanen, ikkje etter dispensasjonar.
- betre samanheng mellom bustadområde og kollektivtrafikk.
- tilstrekkeleg med kommunal kompetanse innan arealplanlegging og byutvikling.
- at bustadplanlegginga skal ivareta behovet for ulike typar husvære, i ulike storleikar og med forskjellige eigarformer.
- at kommunen vektlegg sosial bustadbygging og tilstrekkeleg med husvære for menneske med nedsett funksjonsevne i ordinære bustadområde.
- at krav til universell utforming skal gjennomsyra heile areal- og bustadpolitikken.
- ***å leggja til rette for bustadar for heile livet.***
- ***fleirgenerasjons burettslag/sameige der eldre og yngre, familiar og einslege, kan bu med høg grad av fellesareal/fellesaktivitetar og tilsette servicefolk.***

## **EI MILJØVENNLEG OG EFFEKTIV SAMFERDSLE**

SV vil at alle samferdsletiltak og kommunikasjonar skal planleggjast og gjennomførast på ein heilskapleg måte som er forsvarleg ut frå omsyn til klima, natur og miljø. Kommunen må leggja til rette for at fleire reiser kollektivt, sykklar eller går. Derfor vil vi arbeida for å gjennomføra samferdsletiltaka som ligg i den forkasta Stordpakken – gang- og sykkelveggar som knyt heile kommunen saman og avlastingsveg for Leirvik – slik at me får ei triveleg miljøgate i sentrum.

### ***Stord SV vil arbeida for:***

- at E39 skal følgja noverande trase, ved behov utvidast til trefeltsveg og ha nye trafikksikre kryss for betre trafikkavvikling rundt Leirvik.

- betre og raskare ferjer og opprusting av det eksisterande vegnettet og trygge bruksvega i staden for motorvegar.
- sørleg kryssing av Langenuen og ein indre trase gjennom Fusa/Samnanger dersom ferjefri E39 blir vedteke av Stortinget.
- ha eit godt ferjetilbod til Huglo og eit framtidig fastlandssamband.
- ikkje ha ytterlegare parkeringsplassar i Leirvik sentrum, men fleire parkeringsplassar tett på knutepunkt for kollektivtrafikk utanfor sentrum.
- at kommunen som medeigar av Stord lufthamn, støttar tiltak for omlegging til grønare luftfart frå og til Sørstokken.
- at kommunen jobbar for fleire utsleppsfrie hurtigbåtar i Sunnhordlandsbassenget, og sikra at dei nye båtane har gode høve for å trafikker Leirvik sentrum.
- 

## **EIT AKTIVT KULTUR- OG IDRETTLIV**

Kultur har ein eigenverdi som kjelde til oppleving, erkjenning, identitet og danning. SV vil leggja til rette for at profesjonell kunst av alle slag kan opplevast og utøvast i kommunen vår. Kunst og kultur er viktig for bygging av identitet og samhald i lokalsamfunnet. Dei mange utøvarane i grupper, organisasjonar og lag, må få offentleg støtte til sin innsats for at kommunen vår kan ha eit rikt kulturliv på mange område. Stord SV vil ha eit rikt kulturliv med bidrag frå både profesjonelle og amatørar. Idretten i kommunen skal vera inkluderande og ha eit mangfaldig aktivitetstilbod. Dei frivillige må anerkjennast og styrkjast som ein aktør i kulturtilbodet, idretten og for sosial tilhøyrse i kommunen vår.

### ***Stord SV vil arbeida for:***

- at kommunen får ein ny og moderne konsertsal med.
- **å** utvikla folkebiblioteket og eventuelt flytta biblioteket til ein stad som kan gjera det meir tilgjengeleg som kultursenter.
- ***nytt symjebasseng og gode bassengtilbod.***
- **å** styrkja kulturskulen og få eit breiare tilbod innan mangan felt.
- styrkja og utvikla kultur- og aktivitetstilboda for menneske med særskilde behov og den veksande eldre befolkninga inkludert menneske med demenssjukdommar.
- styrkja ressursane til Sunnhordland museum som Stord kommune er vertskommune for, slik at det mellom anna kan byggjast eit nytt museumsbygg.

- at 1% av eigeidomsskatten går til lag og organisasjonar.

### **EIN SUNN OG ANSVARLEG KOMMUNEØKONOMI**

Ein god kommuneøkonomi er heilt avgjerande for at kommunen skal kunna utvikla gode tenestetilbod for alle innbyggjarane sine. I statsbudsjetta aukar SV overføringane til kommunane slik at dei får gode nok vilkår til å skapa ein kommune for alle. Eit godt tenestetilbod for alle, både unge og eldre, føreset at staten held fram med å gje store nok overføringar til at me både kan utvikla og drifta tenestene våre.

Stord SV er for å bruka kommunal handlefridom til å skaffa eigne inntekter gjennom eigeidomsskatt.

SV sin økonomiske politikk tek sikte på å skapa eit samfunn med små forskjellar og ei berekraftig framtid for både noverande og kommande generasjonar. Det inneber ein god kommuneøkonomi med tilstrekkelege økonomiske rammer.